

# ÅRSRAPPORT 2015

## BUFØREVEGEN/PILEGRIMSVEGEN

### Etappe 2 - Botsvatnlia

#### Arbeid, finansiering, budsjett og rekneskap.



#### PILEGRIMSVEGEN

vart ferdig merka og varda i 2014 og høgtideleg opna 23. august i år. Dette vart markert med pilegrimsvandring frå Haringarinden i Jondal, opp Staberget og over høgjellet og ned til Reisæter. 40 "pilegrimar" tok del i vandrainga - i strålende ver.

Attståande arbeid: Noko skilting - stadnamn-, pile- og retningskilt (sjå attståande arbeid Buførevegen).

#### BUFØREVEGEN

##### Oppstart

Avtala oppstart var 16. juni. Dei ekstreme snømengdene (i slutten av juni 5 gonger eit normalt snøår) gjorde at igangsetjing måtte utsetjast til 6. juli. Sherpaene fekk i ventetida oppdrag med å utbetra og steinsetja parti av stien opp til Melderskin i Rosendal.



##### Arbeidsgang

Til 6. juli hadde me fått på plass stein som måtte tilførast - Sollesnes Steinbrudd AS leverte og Brødrene Kråkevik transporterte. Me hadde og fått på plass gravmasking for opplasting av steinen i bigbagar for helikoptertransport. To sherpaer var fyrste veka opptekne med opplastinga av steinen. Helikopteret (Fonnafly) flaug inn steinen for fyrste omgang 11.7. og frå måndag 13. juli hadde me fire sherpaer i arbeid med å steinsetja stien opp Botsvatnlia.

Frå måndag 20. juli og fram til 14.9. var dei fem. Frå 14.9. til og med 26.9. var dei tre på laget. Sherpaene arbeidde 11 timar pr. dag - frå kl. 07.00 til 18.00 - med innlagte faste matpausar.

##### Innkvartering/proviantering

Me leigde det meste av tida to sel på Botsvatnstølen til husvere i arbeidsveka.

Laurdagskveldane vart sherpaene henta og køyrde til bustadhus på Måkestad - til badefasilitetar, TV og mobil- og interenetttilgang. Måndagsmorgon vart dei køyrde utatt til Botsvatn med proviant for dei tre neste dagane. Kvar onsdag vart det levert proviant for dei neste tre dagane.

##### Opparbeiding av stien i Botsvatnlia

gjekk svært greitt - heilt i samsvar med revidert framdriftsplan\*. Det vart rett nok brukt meir lokal stein enn me hadde tenkt (sjå forklaring under budsjett). Dette styrkte den estetiske opplevinga



av stien; meir variert preg - meir samanfallande med terrenget rundt.

2

\*Revidert framdriftsplan: Me hadde vona at me skulle klara verta heilt ferdige med tilbakeføring/istandsetjing av Buførevegen i 2015 (finansiert), men dei store snømengdene fortalde oss tidleg at arbeidet i høgfjellet ikkje let seg gjennomføra i år. Difor endra me framdriftsplanen til: Ferdig sti Botsvatnlia 2015.



### **Anleggsarbeid - opprensning etter kraftutbygginga for 40 år sidan.**

Tilbakeføring/istandsetjing av Buførevegen initierte og at NVE sette i gang opprensning av elveløpet frå Skarvabotn og ned til Botsvatnet. Tippa massar i elva hadde gjort at elva fekk "forstyrra" løpet sitt, noko som har ført til formyring på austsida av vatnet. I høve dette opprenskingsarbeidet ordna Buførevegens Vener løyve frå grunneigarane, og NVE tok på seg å byggja ein meterbrei sandsti over myrane - og bru over elva - slik at vandrara kjem seg turskodde til/frå stølen og Buførevegen. Eit svært godt samarbeid - og ei svært god løysing!

### **Innsamlingsaksjon: Oppattbygging Khunde**

Heimane til sherpaene vart øydelagte under jordskjelva 25. april og 12. mai i Nepal - berre 10 av 72 bustandhus var buande etter skjelva. Buførevegens Vener sette i gang innsamlingsaksjon, og kunne 15. oktober senda 320.000 kr med sherpaene då dei returnerte (tilsvarer i Nepal meir enn ei livsløn i Nepal - sjå HF-reportasje vedlagt). I høve denne innsamlingsaksjonen vitja Buførevegens Vener saman med fire sherpaer elevane ved Malmanger skule som hadde sydd og strikka og hatt lotteri til inntekt for Khunde.



### **"Personalforvaltning".**

Helgahusvere - for avbrekk i veka - for personleg pleie, tv og kontakt med familie vener i Khunde. Invitasjon til lokale sundagsmiddagar, og eksterne middagar (Hardanger Gjestegard og Jaunsen, Granvin) for samver med sherpaene som arbeidde i Skjervet. Vidare er det hengt opp bøneflagg i Botsvatnlia og ved husveret på Måkestad.

### **Røynsler 2015.**

Me har hatt eit svært godt samarbeid med sherpaene - varme, blide og med ein ekstrem arbeidsmoral. Det har mest vore ein attraksjon å oppleva korleis sherpaene maktar dei tunge steinane utan bruk av maskinelt utstyr.

Stien opp Botsvatnlia er omtala som eit eventyr - steinsett sti med rasteplassar/bord/benkar på utsiktspunkt - endog ein "badeplass" - og variert med sti (ikkje steinsett) på turre rindar.

Absolutt alle gjev uttrykk for å vera imponerte og nøgde.

Både i Botsvatnlia og Reisæterlia har det vore svært mange turgåarar, men det har ikkje vore montert teljeapparat i år. I liane har det nok vore like mange turgåarar som i fjor - spesielt

i haust då turvêret har vore lagleg. Men det er nok færre som har gått over fjellet. Det skuldast snøfennene som har vore vanskelege å forsera - som til dels krov stegjarn for å kunna gå trygt. Det var behov for noko vedlikehald av stien under Nedste Kvilingehaug - vått område; få vekk vatnet og utgliden stein på plass att. Ein arbeidsdag - 3 mann - vart nytta til dette.



**Attstående arbeid.**

Me fekk ikkje sett oppatt murane i tre bratte kleivar - dei var dekkja av snø.

Av same grunn fekk me heller ikkje nuddevarda; me kunne nok ha nuddevarda nokre parti, men sette ikkje i gang, då dette arbeidet ikkje kunne fullførast i år.

Skiltinga vart og utsett - då retningskilta skulle ha avstandsmåling nøyaktig med desimal. Dei store fennene gjorde det umogleg å måla dette nøyaktig - ut frå at me ikkje kunne vita nøyaktig kor me skulle plassera skilta. Men skiltplanen - som omfattar stadnamn, piler og retningsskilt - er heilt ferdig.

Attstående arbeid er finansiert gjennom fullfinansieringa 2015 - sjå ubrukte midlar rekneskap 2015.

**Dugnad**

har vorte utført slik oppsettet i budsjettet viser - sjølvst i samsvar med kva arbeid me har fått utført.

**FINANSIERING, BUDSJETT OG REKNESKAP****Finansiering:**

Me makta fullfinansiera ferdiggjering av Buføre-/Pilegrimsvegen i 2015 - me fekk tilsagn på 3.2 millionar. Tilsagnet frå Norsk Tipping på 1 mill rodde finansieringsplanen i land.

**Budsjettet**

Budsjettet har vorte fylgt, men nokre avvik har det vore:  
-Arbeidsløner sprakk - timeprisen auka frå budsjett vart utarbeidd til løn utbetalt frå 395 kr/timen til 400 kr og til 430 kr + mva..

I tillegg vart det brukt meir lokal stein - noko meirarbeid medførte dette - men gjorde og behovet for tilført stein mindre. Grunnen til denne endringa i bruken av stein/ auka tal arbeidstimar var fyrst og fremst at sherpaene ynskte mest mogeleg arbeidstimar - då dei p.g.a. omstenda i Khunde hadde bruk for inntektene til oppattbygging av heimane sine.



Samstundes gav auka bruk av lokal stein mindre bruk for tilført stein.

-Difor viser kjøp stein, lastebiltransport, leige gravemaskin, bigbagar og helikopterbruk eit mindreforbruk.

Viser elles

**Rekneskap** - underskrive rekneskap 2015 vedlagt.

Revidert rekneskap 2014, 2015 og 2016 (og revisorrapport) vert sendt alle bidragsytarane når

Buførevegen/Pilegrimsvegen - etappe 2 - er ferdig 2016 (*viss snømengdene tillet oss å bli ferdige 2016*).



## Arbeidet 2016.

4

Me vonar på ein snøfattig vinter 15/16, og ein fin forsommar 2016 - slik at fennene som dekkar stien i høgfjellet smeltar bort.

Me har avtale om leige av sherpaer 3 veker i august/september for nuddevarjing, oppattmuring av stien i tre kleiver og forsterking av nokre av vardane + ev. vedlikehald på steinsetjinga. Skilting vil verta utført for det meste som dugnad med noko innleigt hjelp og med rettleiing frå SNO v/oppssynsmann.

### TAKK

Buførevegens Vener har hatt mange medspelar i 2015

- takk til alle som har arbeidd dugnad for oss.
- takk til alle som har vore billege med oss
- takk for godt samarbeid - Geirr Normann Vetti, husvertar, NVE og Kvinnherad Turlag v/Kåre Eik
- takk til alle som har bidrege til innsamlingsaksjonen for oppattbygging av Khunde og Sparebanken Vest avd. Odda som hjelpe oss for å få dette til.

- takk til
  - Sollesnes Steinbrudd AS
  - Brødrene Kråkevik AS
  - Miljødirektoratet
  - Folgefonna Nasjonalparksenter
  - Hordaland Fylkeskommune v/kulturminnemynde
  - Gjensidigestiftelsen
  - Folgefonna Nasjonalparkstyre
  - Sparebankstiftinga Hardanger
  - Ullensvang herad - landbruksfondet
  - Hordaland fylkeskommune - skilting/Gjensidigestiftelsen
  - Norsk Tipping
- for at de har tilført midlar og slik gjort  
tilbakeføring/istandsetjing av Buføre-/Pilegrimsvegen mogeleg.  
og
- takk til dei fantastiske sherpaene!



Aga 21.10.15  
Kåre Grønsnes  
skrivar interessefellesskapet Buføre-/Pilegrimsvegen

